



## #2 Fart under 30 km/t tilpassa menneske i by

Låg fart gjev færre ulukker og mindre skader når uhellet er ute. Byen vert tryggare og trivelegare å ferdast i når farten er tilpassa dei som vil gå og sykle. Difor lyt 30 km/t vere normalen.

I mange bygater skal folk kunne gjere bruk av bilar i ulike storleiker, og dei som sit bak rattet må dele køyrebana med syklistar.

Gåande kjenner ofte på ubehag når dei må ferdast og opphalde seg tett på motortrafikken og særleg når farten er

høg. Syklistar høyrer sjeldan heime på fortauet og er enno meir plaga av dette. På sykkel er det naturleg å ferdast seg om lag tre gonger fortare enn dei som går, men dei fleste vegane i tettbygde strok føreset at bilar skal kunne køyre heile ti gonger raskare. Den generelle fartsgrensa i tettstader i dag er 50 km/t.

For at mjuke trafikantar skal kjenne seg jambyrdige og trygge under desse tilhøva, er det naudsynt å harmonisere fartsnivået.

### Låg generell fartsgrense

- aukar kjensla av tryggleik
- minkar skadeomfanget ved uhell
- styrkar konkurransekrafta til aktiv transport samanlikna med motorsert transport
- gjev rom for nye gatemøblar der gata er snevra inn

### Ver merksam på at

- lågare fartsgrense åleine ikkje automatisk gjev lågt fartsnivå
- fysisk fartsdemping må òg til
- fartsdempande tiltak krev at ein tek omsyn til handtering av overvatn



**SYKLISTFORENINGEN**  
Syklistenes Landsforening